



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## Til alle gardbrukarar i Møre og Romsdal

### Viktig informasjon om Regionalt Miljøprogram for Møre og Romsdal

Møre og Romsdal har frå 2013 fått nytt Regionalt Miljøprogram, med fleire nye ordningar. Den viktigaste nye ordninga er tilskot til miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel. Dei som spreier all husdyrgjødsla før 10. august kan no søkje om tilskot til arealet den er spreidd på.

Dei fleste ordningane er ført vidare frå det tidlegare miljøprogrammet, men det er gjort viktige endringar i nokre av ordningane.

Nedanfor finn du hovudpunktene i dei gjeldande ordningane. Detaljar om satsar, ulike arealsoner og regelverket elles finn du i sjølve miljøprogrammet, som ligg på heimesida til Fylkesmannen:  
[www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

### FRISTEN FOR Å SØKJE ER 20. AUGUST

Frå og med i år skal søknaden leverast elektronisk, og dette brevet er den einaste informasjonen du får tilsendt i posten. Sidan både miljøprogrammet og det elektroniske søknadssystemet er nytt, kan det vere ein fordel å legge inn søknaden nokre dagar før søknadsfristen.

# Tilskotsordningane i regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal

## **Slått av lokalt verdifullt jordbrukslandskap og Beite av lokalt verdifullt jordbrukslandskap:**

Knytt til 12 kartfesta soner, sjå oversikt over sonene i miljøprogrammet.

### **Skjøtsel av bratt areal:**

Arealet skal haustast ved slått. Beiting av bratt areal gir ikke lenger grunnlag for tilskot gjennom regionalt miljøprogram.

### **Skjøtsel av slåttemark:**

Areal registrert i Naturbase med verdi A eller B. Krav om skjøtselsplan utarbeidd av fylkesmannen, og signert skjøtselavtale.

### **Beite av kystlynghei:**

Vidareført utan store endringar.

### **Tilrettelegging av fuglebiotopar:**

Vern av reirplassen til truga fugleartar som hekkar på innmark. Hekkeplassen skal vere registrert og godkjend for det aktuelle året av fylkesmannen.

### **Drift av enkeltseter/fellesseter med mjølkeproduksjon,**

### **Drift av enkeltseter/fellesseter med foredling:**

Desse ordningane er vidareført utan vesentlege endringar

### **Skjøtsel av gravminne:**

Tilskot til stell av automatisk freda gravminne .

### **Ingen/utsett jordarbeiding:**

Tilskot for å unngå jordarbeiding om hausten.

### **Spreiing av husdyrgjødsel i vår/vekstssesong:**

Denne ordninga er ny frå 2013. Den som spreier all husdyrgjødsla om våren og etter 1. slått – før 10. august - kan få tilskot over RMP.

### **Bruk av tilførselslangar:**

Ekstra tilskot der husdyrgjødsla blir transportert ut på markane med slangar i staden for med tankvogn.

**Går ut:** Tidlegare ordning med skjøtsel av naturbeitemark går ut.

## Korleis søker elektronisk?

Søknaden skal registrerast på internett, og du kan søkje frå 1. august. Det er ikkje mogeleg å registrere søknaden før 1. august.

Søknadsskjemaet finn du på [www.slf.dep.no](http://www.slf.dep.no), nede til venstre på skjermbildet under fana «Elektroniske tenester». Klikk på «Søk om regionalt miljøprogram». Du kjem no rett inn i søknadsskjemaet. Du kan også søkje etter søknadsskjemaet på [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Det elektroniske systemet har ein eigen funksjon for rettleiing.

Du loggar deg på med MinID, BankID, BuyPass eller Commfides. Det er lurt å sjekke at du kan logge deg på i god tid før du skal fylle ut søknaden.

Dersom du ikkje har tilgang til ein PC, kan du kontakte landbruksforvaltninga i kommunen. Dei kan hjelpe deg med å få lagt inn søknaden elektronisk. Ta kontakt i god tid.

## Lenker/ Informasjon

Du finn fullstendig informasjon om Regionalt Miljøprogram for Møre og Romsdal på nettsidene til fylkesmannen.

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Tilskot-innan-jordbruk-og-skogbruk/Regionalt-miljoprogram-for-More-og-Romsdal>

Dersom du treng hjelp eller informasjon kan du ta kontakt med landbruksforvaltninga i kommunen der du bur. Dersom du vil søkje på vanleg papirskjema, kan du enten hente dette på internett, eller du kan få det frå kommunen.



# Vil du abonnere på «Landbruk – Informasjon til bønder»?



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

| Lydversjon | Høgkontrast | a a a | Language

OM OSS

KONTAKT OSS

QSøk

C



Sunddal (Foto: Svein Olav Aaker)



Vergemål



FylkesROS



Miljøstatus

## Folk og samfunn

Apostillestempel på dok...  
Oskespreiing  
Forliksråda  
[ Sjå fleire... ]

## Helse og omsorg

Kamp mot fattigdom  
Folkehelse  
Førarkort  
[ Sjå fleire... ]

## Kommunal styring

Kommunalrett  
Kommuneøkonomi  
Kommunal fornying  
[ Sjå fleire... ]

## Barnehage og opplæring

Barnehage  
Grunnskule og vidaregåa...  
Vaksenopplæring  
[ Sjå fleire... ]

## Miljø og klima

Avfall og gjenvinning  
Fiskeforvaltning  
Fiskeoppdrett  
[ Sjå fleire... ]

## Plan og bygg

Arealforvaltning  
Plan- og bygningsrett  
Taubaner og skitrekk  
[ Sjå fleire... ]

## Barn og foreldre

Barnelova  
Barnevern  
Biologiske foreldre til...  
[ Sjå fleire... ]

## Landbruk og mat

Husdyr  
Jordbruk  
Jordvern  
[ Sjå fleire... ]

## Samfunnstryggleik og beredskap

Beredskap  
Forebyggande samfunnst...  
Krisehandtering og samo...  
[ Sjå fleire... ]

## Abonner på nyhende fra Fylkesmannen

### Nyhende



TYSDAG 09.07.2013  
Auka innsats mot strandsøppel i Sør-Smøla

Statens naturoppsyn har løvt nye kr. 150.000,- i tiltaksmidler til rydding av strandsøppel i Sør-Smøla landskapsvernområde. Midlene skal brukast til opprydding av strandsøppel som ligg att etter Dagmar-orkanen, og nytt søppel som har komme til i løpet av siste vinter.

[ Les meir ]



MÅNDAG 08.07.2013  
Tiltak mot framande planter  
Fylkesmannen har løvt kr. 300.000,- i skjønnsmidler til arbeidet mot skadelege, framande planter i Kristiansund, Molde, Rauma, Sykkylven og Ålesund. Kommunane bidreg med samme beløp. Dei

## Fylkesmannen har fått nye nettsider: [www.fylkesmannen.no/mr](http://www.fylkesmannen.no/mr)

Gjennom denne kan du no få tilsendt e-postar med næringsaktuell informasjon direkte til deg som gardbrukar. Eksempel på slik informasjon kan vere påminningar om søkeradsfristar, invitasjonar til arrangement eller informasjon om endringar i regelverket.

**Dersom du vil ha tilsendt aktuelle e-postar frå Fylkesmannen, kan du gå inn på lenka :**

**<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Abonnement>**

og klikke på «Landbruk – Informasjon til bønder». Hugs å skrive inn e-postadressa di i feltet lengst oppe på sida. Tenesta er gratis, og du kan melde deg av når som helst.

Med helsing

Anne Berit Løset  
Landbruksdirektør